



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 14.06.2018

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Jondal kommunehus

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones - Rådsvaraordfører
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører
Rådmannsforum: Rådmann Thore Hopperstad

Forfall:

I tillegg møtte:

Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Inviterte gjester:

Kjetil Århus og Atle Sandal, Bergen kommune

Design Thinking (Prosjekt Merkevarer Hardangerfrukt):

Stig Andersen
Øystein Tomassen
Christina Iversen
Sjur Ove Svartveit

Vidar Totland, Invest in Bergen

Hardanger Kunstlag:

Johild Mæland
Els Geelen
Inger Elisabeth Aarvik
Arnhild Litterè

Agenda:

09.10 – 13.30	Orienteringar: Digitalisering og innovasjon, Bergen kommune v/ Kjetil Århus Digisos og felles digitaliseringsprosjekt for Hordaland Design Thinking Sluttrapport Merkevarer Hardangerfrukt – Marknadstilgang for Hardangerfrukt Hordaland fylkeskommune v/ Vidar Totland Invest in Bergen /Etablerarsenteret - Status og planar Hardanger Kunstlag v/Johild Mæland m.fl. Husværet i Berlin – vidare plan for leige
11.30 – 12.30	Lunsj
13.30 – 15.00	Sakshandsaming

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordførar:

Jon Larsgard

Anved Johan Tveit

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 22/18 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 28/18.

- Toaletttilhøve på Bu
- Hardanger Eventyr
- Biogassprosjekt
- Revisjon for Hardangerkommunane frå 2020
- Heile Hardanger – heile året
- Skiltprosjekt Hardanger
- Goodwill-ambassadør Hardanger

HR-sak 23/18 Meldingar

Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande.

HR-sak 24/18 Hardangerrådet frå 2020 – status etter herads-/kommunestyrehandsaming

Drøfting

Saka har vore til handsaming i desse kommunane/herada: Eidfjord, Ulvik, Kvam. Alle har gjort einstemmige vedtak om å tilrå at prosessen går vidare til fase 2.

Odda og Jondal skal handsamar saka 20.06.

Ullensvang skal handsamar saka 25.06.

**HR-sak 25/18 Regional Næringsstrategi
Kjøp av rettar til å nytta planen**

Sak utsett frå førre møte i Hardangerrådet

Saka vert utsett til første møte etter sommarferien.

HR-sak 26/18 Studietur hausten 2018

Drøfting/Program.

Forslag til program vart gjennomgått. Regionrådet prioriterer å gjennomføra denne studieturen 8.10 – 10.10.

Administrasjonen utarbeider detaljert program.

HR-sak 27/18 Orientering om nye viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.

Eidfjord:

Opning av turistprosjekt Vøringsfossen

Kommunedelplan

Storlia kraftverk

Jondal:

Henvendelse vedr. datalagring i Jondal

Ullensvang:

Opning kraftverk

Kvam:

Kommunedelplan Kvamskogen

Rassikring Tokagjelet

Ny sjukeheim i Strandebarn
Hardangerbadet i gang
Snart opning av KFL-bygget.
Kommuneplan arealdel er ute på høyring.

Granvin:

Prosjekt, «Frå kommune til bygd»

Odda:

Flomsikring av Opoelva

Prosess for konstituering av ny rådmann fram til 31.12.2019

Syngjande kommunar

Trolltunga – tiltak

Kraftbehov ifm mogelege utbyggingar i industrien.

Ulvik:

Ny sjukeheim

Poesifestival til hausten

HR-sak 28/18 Orienterings- og drøftingssaker

- Toaletttilhøve på Bu
 - Nytt konsept for etablering av anlegg i kombinasjon med kioskdirift. Dette er i privat regi.
- Hardanger Eventyr
 - Søknad må handsamast i neste regionrådsmøte
- Biogassprosjekt
 - Første styringsgruppemøte 11.06.
Kombinasjon husdyrgjødsel og bioavfall frå landbruket er interessant.
Tine kan vera aktuell som medlem i styringsgruppa.
Oppstart etter sommarferien
- Revisjon for Hardangerkommunane etter 01.01.2020
 - Rådet drøfta mogelege modellar som kan vera aktuelle etter at ny kommunestruktur er etablert.
- Heile Hardanger – heile året
 - Administrasjonen orienterte om status for prosjektet
- Skiltprosjekt Hardanger
 - Skiltprosjekt Hardanger vil føra til at alle private skilt langs riks- og fylkesvegane vil få ein felles «Hardanger-profil»
Administrasjonen vil orientera meir detaljert om prosjektet i første Hardangerrådsmøte etter sommarferien.
- Goodwill-ambassadør Hardanger
 - Hardangerrådet har utnemnt Rio Yamase til «Goodwill-ambassadør» for Hardanger.

Møteboka godkjent 14.06.2018.

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsordførar

Rådsmedlem
Jon Larsgard

Rådsmedlem
Anved Johan Tveit